



Statens vegvesen

NOTAT

Til: **Kåre Andre Berge**
Kopi: Steinar Vestnes,
Karl Inge Vestre Hauge

Oppdrag:	Fv. 63 Mur i øvre Uragjerdet	Dok. nr. i Sveis:	2012122296-2
Oppdragsgivar:	Vegavd. MR, Driftseksjonen	Dato:	28.08.2014
Planfase:	Arkivkode: 470	Ant. vedlegg:	1
Kommune:	Stranda	Vegnr.: Fv. 63	HP: 1 Km: 12,75 – 12,9
UTM 33 ref.:	N6905590, A96260	EUREF 89	Geoteknisk prosjektklasse: 1 (2)
Utarbeidd av:	Ove Strømme	Sign.:	
Kontrollert av:		Sign.:	

Fv. 63 hp 1, mur i øvre Uragjerdet

Orientering

I 2012 vart det skrivi eit notat om problem med gammal tørrmur mellom den gamle vegsløyfa og fylkesvegen nedanfor. Det er no registrert kul på muren og setning i fylkesvegen ovafor det gamle slyngpartiet. Underteikna var der på synfaring 26.08.2014 saman med Kåre Andre Berge.

Ein kan slå fast at det er ingen samanheng mellom skadane i øvre og nedre del av Uragjerdet. Den øvre muren er fundamentert på berg. Det same er muren mellom dei to parallelle vegane i den gamle vegsløyfa.



Registrering ved synfaring

Om lag km 12,84 er det ei setning i ytre køyrefelt som vart lappa med asfalt i fjor. Ved setninga er det sprekk i betongrekkverket og muren under har ein kraftig kul. Total høgdeskilnad mellom fv. 63 og den gamle vegen under, er om lag 9 m. Den nedre delen er steilt berg. Det er inga hylle i overgangen mellom berg og tørrmur. Tørrmuren står heilt ut på kanten.



Litt lengre oppe langs fylkesvegen, er det ein svært steil tørrmur der det er brukt liten stein. Det ser ut til at betongrekkverket er pressa litt ut og har teke med seg øvste steinrada. Også her fluktar muren med bergoverflata nedanfor.



Vidare oppover ligg vegen på berghylle, og berget har overheng.

Forslag til tiltak



På problempartiet ligg vegen i utkurve og det er 4 – 5 m høg bergskjering på innsida av vegen. Bak skjeringstoppen er det moderat terrenghelling (1:3,5 til 1:2,5). Det blir derfor foreslått flytte vegen inn. På vedlagt kart er det skissert ein indre vegkant med radius 125 m. Eksisterande kurve har radius på ca. 100 m.

Utsprenging av bergskjeringa må skje i så små salvar at stein ikkje blir kasta ut mot rekkverket og ytre vegkant.


Langs ny ytre vegkant må ein setje opp rekkverk slik at trafikken ikkje kan gå ut på eksisterande kant.

Vegstrekinga er verna, og innflytting av vegen er sannsynlegvis det mest skånsomme tiltaket som kan gjerast for å sikre vegen og trafikken. Det blir ingen inngrep i eksisterande murar. Den nye bergskjeringa blir ikkje særleg høgare enn den gamle. Det er fuktig i skjeringa og ny bergoverflate vil fort bli mosegrodd.

Dersom innflytting av vegen ikkje kan skje innan eit par år, blir det tilrådd laserscanning eksisterande murar kvar haust og vår for kontrollere om det er utvikling. Før eventuell scanning, må ein fjerne sikthindrande vegetasjon. Sannsynlegvis er det gunstigast å stille opp instrument ved den nedste slyngen i Uragjerdet.

Vedlegg

Kart



Fv. 63 Øvre Uragrdet
27.08.2014
Målestokk 1:500
Statens vegvesen